# KYRKJEBLAD

## FOR VAKSDAL PRESTEGJELD


| Nr. 7 | OKTOBER 1985 | 39. ÅRGANG |
|---|---|---|






**Søndagsskulens dag 1985**

**Sjå midtsidene. . .**

# FADER VÅR. . .

Jesus sa vi skulle be slik. Du far i himmelen, skulle vi få si. Ikke De herr Gud, eller noe annet høytidelig. Tenk på det hver gang du begynner å be Fader vår. Det er en far du ber til, en far som har et hjem til deg i himmelen. Vi vet ikke så mye om det hjemmet, men trygt og godt er det der, sier Jesus. Og ingen død fins der. Dette hjemmet vil Jesus dele med oss. Og sin Far vil han dele med oss.

Det er egentlig ufattelig. Jesus kunne beholdt eviglivet og himmelens hjem og Far i himmelen for seg selv. Men isteden kommer han ned på jorden og vil dele det med oss. Værsågod, sier han. Min far skal også være din far.

Urettferdig er det. Vi har jo ikke fortjent at han skal dele sin far med oss. Likevel gjør han det. Bare begynn å si Fader vår, sier Jesus. Hils fra meg og si det er i orden, sier han. Og Gud gleder seg. Hver gang han ser at noen tar i mot retten til å være Guds barn, er det glede i himmelen. Hver gang han hører at noen bruker denne retten til å be, er det jubel i himmelen.

Bare be. Ikke slutt med det. Be i Jesu navn til Far. Selv om vi har vært vant til å si Fader vår, skal du liksom hviske ved siden av:
Far, takk for at jeg får si far til deg.

Øyvind Hartberg



# Misjonsjubileum på Stanghelle

Det Norske Misjonsselskap si forening på Stanghelle er i år 75 år.

Jubileet vart feira med ein fin fest på bedehuset søndag 6. oktober. Millom alle regndagane i haust fekk me ein strålande fin dag. Dette skapte ei fin ramme om dagen.

Festen byrja kl. 17, og då var plassane rundt borda mest fullsette. NMS- foreningane i Vaksdal hadde fått innbyding til festen. Mange var komne, både eldre og yngre. På kvart bord var det flagg frå dei land der NMS driv misjon. Johanne Stanghelle leda festen, og det var eit godt og variert program.

Det var attersyn over dei 75 åra v/Sigrid Stanghelle. 4 speiderjenter hadde ei framføring av misjonsbefalinga, -talande og fint. Bjørg Bruknapp heldt talen. Det var song av Stanghelle og Dale musikklag og av Sollaug Boge og Bjørg Bruknapp.

Etter matpausen var det høve til å koma med helsingar. Gunvor Bjørsvik fortalde frå arbeidet ute på misjonsmarka. Odd Alvheim helsa frå Stanghelle Indremisjon. Utflytta Stanghellefolk Emma og Arvid Stanghelle og tidlegare sokneprest Magne Steinnes bar og fram helsingar. Sokneprest Meidell avslutta festen.

Misjonsofferet som kom inn, var på kr.2.910,-

Det var ein rik kveld. Trur den gav ny kveik til å arbeida vidare i den store oppgåva misjonen er.

Sigrid Stanghelle

ut til alle
Misjonskonferanse for ungdom over 18 år
Oslo, 28/12-85 til 2/1-86
Be om program fra «Ut til alle»,
Postboks 6880, St. Olavs pl., 0130 Oslo 1



## BLADPENGANE

Innkomne bladpengar pr. 10/10 1985 kr. 26.810,-
Til same tid i fjor var det kr. 27.185,-
Hittil i år er det 766 som har sendt bladpengar til Kyrkjebladet. På same til i fjor var det 906. Som ein ser, er det 140 færre som har betalt i år. Dersom ikkje dette betrar seg no framover, så ligg me an til å få eit under skot i 1985.

Kasseraren skriv ikkje opp namnet på kvar enkelt som betalar. Me har nok alle talongane, men det er mykje arbeid for oss å finna ut kven som har betalt. Det bør difor lesarane sjølve halda greie på.

ALTSÅ:
Har du ikkje betalt for 1985, så skunda deg å gjer det no!

Ragnar Trohjell
kasserar

# «Mange tok imot Jesus i Bangladesh»

## «Over 10.000 omvendt til Kristus i Punjab-provinsen i Pakistan»

Dette kan vi lese i Santalen, og misjonsfolket her heime gler seg og takkar Gud.
I år skal Santalmisjonen ha misjonsveke på Vaksdal frå 5. til 10. november. Vi får besøk av misjonær Gunvor Kristensen. Torsdag den 7. nov. vil det bli salg av u-landsvarer. Ein god idè til julegåver? Fredag blir det vist misjonsfilm. Alle er velkomne, til julesalg og møter.



Kirsten og Ottar Hope saman med borna
Jostein, Kjetil og Marit Kristine

Nyleg reiste dr. Ottar Hope m/fam. ut igjen til Bangladesh. Dei ber om vår forbøn, og vil så gjerne halda kontakt med misjonsvenene heime. Dei har vore flinke til å senda brev til misjonslaga i krinsen. Mange kjenner dr. Hope frå den tid han hadde turnusteneste i Vaksdal. No har han teneste på den andre sida av jordkula, i Brahamanbazar. Der ligg helseklinikken " I HERRENS SKYGGE". Det var en pasient som sa det slik: "Å koma til klinikken i Brahamanbazar, var som å koma i Herrens skygge".
Kyrkjelydane i Vaksdal vil ynskja lukke og signing i arbeidet på Sylhet- feltet i Bangladesh. Lat oss hugsa familien Hope i våre bøner.

TF



# *Velkomen til oss*

Ynskjer Vaksdalfolket no,
til våre nye prestar - begge to -
Takk for de villa koma her til,
Hjarteleg velkomne, me ynskja dykk vil.

Me har alltid vore heldige og fått
gode prestar - som millom oss har gjort mykje godt.
Likevel kan byte vera nyttig og bra,
det var det eingong ein som sa - -
Me saknar veldig dei som reiste -
men no på samarbeid med dykk - nye - vil me freiste - -
Meidell er ferdeig med innsetjingsgudstenestene sine,
Norum - må venta litt - med sine.
Sjølv om det ikkje vert før fram mot jul,
ser me fram til også å møta deg - på det legg me ikkje skjul.

Måtte so alle gå inn for å hjelpa kvarandre,
dei dagane me her i lag skal vandre,
Framover mot det evige livet det ber.
Og husk DET er å verta kjend med Jesus her - (Johs. 17,3)
Å, kor mange her er, som ikkje kjenner HAN,
vår einaste redning - og Frelsarmann.
PÅ LEIT - er her mange som er -
i ei undarleg og vanskeleg verd.

Ja, oppgåver manglar det ikkje på.
Måtte evangeliet - fram til den enkelte nå.

Vår bønn har lenge vore den:
Herre - framleis - gode hyrdingar send --
Det Vaksdalfolket treng ---

Takk for de vilde vera med
og peika på JESUS - for folket her.
Velkomne til oss, de er.

ein kyrkjelydsmedlem





## Frå gudstenesta i Bergsdalen





# SØNDAGSSKULENS DAG

I kommunen vår er det som kjent store avstandar og dårlege vegar. Difor vart Søndagsskulens dag feira på to ulike plassar. 1. september samlast born og vaksne i Bergsdalen, og 8. september var det samling på Nesheim. Nils Arne Lavik frå Bergen Søndagsskolekrets heldt gudstenesta i Bergsdalen, medan gudstenesta på Nesheim var ved Svein Høysæter. Som det går fram av bileta, var det båe plassar ymse aktivitetar etterpå. I Eksingedalen var det leikar og vidare samling i Bergo skule. I Bergsdalen var det leikar på skuleplassen og samling i salen i kjellaren i kyrkja.

Vi vil nytta dette høvet til å minne foreldre i prestegjeldet vårt om søndagsskulearbeidet som går føre seg på mange plassar. Hugs: Ønsker du at borna dine skal gå i søndagsskulen, må du hjelpe dei av stad!

ToMaN



Frå Bergo skule




Nils Arne Lavik



# Nye sokneråd

NESHEIM

1. Anny Gullbrå
2. Anne Lise Mangersnes
3. Asbjørn Nese
4. Anny Ekse

Varamedlemer:

5. Gunnar Jarle Nesheim
6. Oddvar Fosse
7. Gyda Trefall
8. Knut Fjellanger
9. Hermann Gullbrå

VAKSDAL

1. Gudrun Boge Karlsen
2. Nils O. Farestveit
3. Nils A. Helle
4. Bjørg Ulevik
5. Wenche Faugstad Bleiklid
6. Per Nordmark

Varamedlemer:

7. Bjørn Knutsen
8. Karin Hammer
9. Kari Eilifsen
10. Josef Steinsbø
11. Karsten Audestad

DALE

1. Eli Kringlebotten
2. Reidun Laastad Dyvik
3. Britt Torunn Klever
4. Lasse Vassenden
5. Marie Brit Bjerke
6. Olly Soltvedt

Varamedlemer:

7. Gunnhild Dale
8. Normann Buvik
9. Arne Verpelstad
10. Odd Alvheim
11. Anne Sellevold Hol

BERGSDALEN

1. Per Småbrekke
2. Gerd Elisabeth Brekke
3. Per Hatlestad
4. Jorun Brekke

Varamedlemer:

5. Kari Berge
6. Kristina Fosse
7. Anna Pettersen
8. Asbjørn Berge
9. Kjell Rødland

STAMNES/EIDSLAND

1. Asbjørn Ekse
2. Anne Berit Straume
3. Marit Gullbrå
4. Else Dyvik
5. Bjørg Vassenden
6. Ola Kvamme

Varamedlemer:

7. Magnhild Eide
8. Olav Gammersvik
9. Marit Århus Myster
10. Nils Vik
11. Fridtjov Dæmring

EKSINGDALEN

1. Malena Brørvik Eriksen
2. Ingvild Brønstad
3. Astrid Lavik
4. Kåre Magnar Trefall

Varamedlemer:

5. Kristi Fjellanger
6. Eldbjørg Nese
7. Ingolf Gullbrå
8. Olav Nese
9. Yngve Lavik

Dei nye sokneråda skal konstituera seg i november, og tek over ansvaret 1. januar 1986



UNGDOMSLEIARSAMLING

17.september var omlag 15 ungdomsleiarar frå kommuna vår samla i Moseshuset på Dale.Det var kor-,klubb- og speidarleiarar som alle driv arbeidet sitt innan Norges Kristelige Ungdomsforbund.Krinskontoret i Bjørgvin satsar i haust på å nå alle einingane med leiarsamlingar. Representantane som kom til oss,var Anne Lise Fimreite og Synnøve Hove.Den fyrste av desse heldt andakt over emnet "Å tena kvarandre" ut i frå Markus 10,35-45. Etterpå førte Synnøve Hove oss over på temaet "Omsorgsleiaren" - kva det vil seia å syna omsorg,og korleis dei ein er saman med kan merka denne omsorgen.

Sidan vart det samtale i grupper ikring dette emnet med tanke på den situasjon kvar av oss står i.Nokre av stikkorda som kom fram, var at ein omsorgsleiar er ein som ein blir glad i og har tillit til.Han/ho godtek deg som du er og ser ikkje berre etter dei som er flinke.Han/ho tar kontakt, hjelper deg og gir deg ei kjensle av å vera verdfull.Vi kom fram til at vi kan henda ikkje er like flinke til å syna omsorg for kvarandre,anten det no er som leiarar eller som medkristne.Då er det godt å vita at den verkelege "omsorgsleiaren" har vi i Jesus Kristus ,og han må vera førebiletet vårt. Det var i alt ein gild kveld. RT

**********************************

# Den nye salmeboka

Spørsmålet om å ta i bruk den nye salmeboka har no vore oppe på soknemøter i kyrkjelydane.

Det vart vedteki å innføre den nye boka i: Nesheim
Vaksdal
Stamnes
Dale

I Bergsdalen vart det samrøystes vedteki å gjennomføra eit prøveår med den nye salmeboka. Endeleg avgjer om kva bok som skal nyttast, skal takast om eit år. På Flatekval vart saka utsett inntil vidare. På Eidsland vart det vedteki å ikkje ta den nye salmeboka i bruk. I båe desse kyrkjene skal det finnast 10 salmebøker til gjennomsyn for dei som vil verta kjende med dei, men dei skal ikkje nyttast i gudstenesta.

Dei kyrkjelydane som skal nytta den nye boka, vonar å ta henne i bruk i adventstida.

ToMaN

BERRE NOKRE FÅ ORD...

for å minna om at Kyrkjebladet med glede tek imot stoff frå lesarane, både skrivne ting og bilete. Vi treng hjelp frå alle kantar om dette skal bli eit blad for heile kyrkjelyden!

ToMaN




# Åpen samtalegruppe

-- samling vert måndag 4. november kl. 19.30, i sakristiet i Eidsland kyrkje.
Vel møtt til eit uformelt samvær over ein kopp kaffi og noko å bita i.

# IKO ER 40 ÅR

IKO - bak denne forkortelsen skjuler det seg en sentral virksomhet i kirken som har undervisning og oppdragelse som arbeidsfelt: Institutt for Kristen Oppseding. Mange har stiftet bekjentskap med IKO gjennom materiell og prosjekter som Instituttet har stått bak: Min Kirkebok til 4-åringene, tidsskriftet Prismet, bladet Vi foreldre, 11-årsfasen, fortellings- og idéboka: Hverdag og fest i barnehagen, og det store familiepedagogiske prosjektet: Hjemmenes Dåpsring - bare for å nevne noe.

12. november i år er det 40 år siden IKO ble stiftet. Utgangspunktet var et ønske om å fornye kristendomsfaget i skolen. I mange år var også skolen IKO's viktigste interesseområde. Senere har andre arbeidsoppgaver kommet til. I dag er virksomheten organisert innenfor disse hovedfeltene: skole -barnehage -hjem/familie -menighet.

Egentlig er IKO en nokså sjelden blomst i vår kirke-hage. Det finnes ikke mange eksempler på at kirkens offisielle organer og de frivillige kristelige organisasjoner i den grad går sammen om å være en virksomhet. IKO favner det meste, noe som har gitt IKO helt spesielle muligheter til å fremme samarbeid i kirken.

Hvilken nytte og hjelp har menighetene av IKO? En av kirkens kateketer svarer slik:

- IKO betyr solid gjennomtenking av det kirkens oppdrager- og undervisningsoppdrag som også jeg er med på å realisere.
- IKO betyr idéer, initiativ - og ferdig materiell og hjelp til å virkeliggjøre idéene.
- IKO betyr trygghet - det som kommer derfra er slik fundert teologisk at jeg trygt kan bruke det - og anbefale andre å gjøre det samme.

IKO's virksomhet holdes økonomisk oppe ved ofringer og gaver fra menigheter, organisasjoner og enkeltpersoner. Det er en fin måte å gi uttrykk for at IKO er kirkens felles ansvar og oppgave. Er du opptatt av at vår kristne tro og kulturtradisjon føres videre til neste generasjon, er en gave til IKO nå i jubileumsåret en god investering!

Vil du vite mer om IKO, så skriv eller ring: IKO, postboks 6781 St. Olavs plass, 0130 Oslo 1. Tlf. (02) 20 86 15.
Bangiro: 1609.86.35894
Postgiro: 5 12 92 91



# Frå kyrkjebøkene

## DØYPTE

DALE
15.09. Christine Grenasberg
29.09. Pål Engja Eidissen

EIDSLAND
13.10. Karina Høvik
13.10. Camilla Møster Hugnadstad

NESHEIM
06.10. Linda Fjellanger

## Vigde

VAKSDAL
28.09. Terje Wesley Johnsen og Inger Marie Sæterdal

## AVLIDNE

DALE
30.08. Edvard Bruvik f.1897
16.09. Ole Dalseid f.1894

STAMNES
06.10. Ragnhild Hagen f.1909

VAKSDAL
01.09. Olufine Boge f.1895

## LAGSKORT JULEN -85

Victor Sparre og Jossi Stern på Lagskort.

To kunstnere med verdensry stiller i år sine motiver til disposisjon for Lagsbevegelsen. Victor Sparre er kjent for sine mange kirkeutsmykninger over hele Norge og i Tel Aviv. Jossi Stern er Israels kanskje mest folkekjære billedkunstner. Hans bilder er ikke bare solgt over hele vesten, men også i enkelte land bak jernteppet.

Lagskort selges til inntekt for Norges Kristelige Student- og Skoleungdomslags arbeid blant skoleungdom og studenter over hele Norge. Lagskortene er et klart alternativ til sekulariserte julekort med nisser og julenek. Motivvalget spenner fra glassmaleri og akvarell til applikasjon og fotografi.

Brosjyrer og kort fåes ved henvendelse til
Lagskort, Magnus Blindes vei 8,
7000 Trondheim.

## Takk til Svein Høysæter

Svein Høysæter er tilsett som vikarprest i Bjørgvin Bispedømme. No er tida hans i Vaksdal ute, og neste stopp for han er Rosendal.
Vi vil takka deg, Svein, for det arbeidet du har lagt ned her i Vaksdal. Du har til ei kvar tid møtt fram der du skulle, presis og blid, trass i lange vegar.
Du har synt ein særskilt evne til å nå både unge og gamle med den bodskapen du ber fram.
Takk for det du har gitt oss den tida du har vori her!
Lukke til i Rosendal!
Og velkomen tilbake hit når vi på ny treng vikar!

ToMaN

# VELKOMEN TIL KYRKJE

03.nov. - Helgemessesundag.
NESHEIM kl.11.00. V/Høysæter.Nattverd.Offer til Soknerådet.
VAKSDAL kl.18.00. v/Meidell.Nattverd
Ofer Norges Samemisj. og Israelsmisj.
BERGSDALEN kl.11.00. V/Meidell og Storetveit ungdomsklubb.

10.nov. - 24.sundag etter pinse.
DALE kl.11.00. V/Molde.Nattverd. Offer til Bibelskulen på Bildøy. Kyrkjeskyss.
EIDSLAND kl.17.00. Fam.gudst. v/ Meidell.Offer til sundagskulearb. på Eidsland.
EKSINGEDALEN kl.11.00.V/Meidell. Nattverd.Offer til Menighetsfak.

17.nov. - 25.sundag etter pinse.
VAKSDAL kl.11.00. V/Norum. Innsetj.
Offer Nordhordl.Indremisj.ogBibelskul.

24.nov. - siste sundag i kyrkjeåret
DALE kl.11.00.v/Meidell.Nattverd. Offer til Norsk Gideon.Kyrkjeskyss.
DALE kl.19.00. Konsert.Andakt v/Norum.
STAMNES kl.11.00.V/Norum. Innsetj. Offer til Nordhordland Indremisjon. Kyrkjeskyss,

1.des. - 1.sundag i advent.
BERGSDALEN kl.11.00. V/Meidell.Nattv.
NESHEIM kl.11.00.GUDST/KONSERT v/Norum. Innsetjing
VAKSDAL kl.18.00.Konsert.
DALE kl.17.00.Lysmesse.Meidell Kyrkjeskyss.

8.des. - 2.sundag i advent.
STAMNES kl.11.00.v/Meidell.Nattv. Offer til Misjon bak jernteppet. Kyrkjeskyss.
VAKSDAL kl.18.00. Lysmesse v/Norum. Offer til Norea Radio og Åpne dører v/Broder Andreas

Laurdag 14.des.
STAMNES kl.18.00.Julekonsert m/Lysmesse.v/Norum.Offer til Soknerådsarbeidet.Kyrkjeskyss.
BERGSDALEN kl.16.00.Julekonsert m/Lysmesse v/Meidell.

15.des. - 3.sundag i advent.
DALE kl.11.00. V/Norum Innsetjing.Offer til Dale sokneråd. Kyrkjeskyss.
DALE kl.19.00. Julekonsert. Andakt v/Meidell.
VAKSDAL kl.18.00. Julekonsert. Andakt v/Norum.Offer til Santalmisjonen.
EIDSLAND kl.11.00.Gudst./kons. v/Meidell. Offer til Kirkens Nødhjelp.

Bladstyrar: Tove Margrete Nordmark, 5270 Vaksdal
Kasserar: Ragnar Trohjell, 5297 Gammersvik
Postgiro 5 72 34 73 Bankgiro 3500.50.13 117
Utgjevar: Sokneråda. Bladpengar: kr. 35,- (eller meir!)
Eksp. og trykk: Øystese Trykkeri A/S, 5610 Øystese. Tlf. 05-555045
Retur til Øystese Trykkeri A/S, 5610 Øystese